

Høyringsuttale frå Lars Olav Knutsen – Smådalselva kraftverk i Samnanger

Eg visste diverre ikkje om denne utbygginga før no i det siste, men eg ser i lokalavisa (Samningen) at Samnanger har fått utsatt fristen for å gje uttale til 30. april, og regner med at dette også gjelder for innbyggarane i bygda. Derfor kjem eg med denne høyringsuttalen fyrst no, og håper at den kan bli tatt med i saksbehandlinga. Eg tykkjer det vil være viktig å få belyst denne planlagde utbygginga frå fleire perspektiv.

Eg er oppvaksen på Tysse, og budde der i både barne- og ungdomsårene, og bur framleis i Samnanger, men ca. 3 km frå Tysse. Eg har alltid vore- og er framleis ein ivrig brukar av dette fantastiske turområdet som for ein stor del er av typen urørt natur der utbygginga er planlagd.

I løpet av den siste tida har eg altså forsøkt å sette meg inn i saka, og merkar at dette er noko som eg er sterkt i mot!

Eg leste nettopp gjennom naturvernforbundet sin uttale, og må berre sei meg heilt einig! Her vises det også til fleire synfaringar langs elva og området! Eg veit ikkje kor mykje synfaring det har vore blant kommunestyrets representantar, men eg er svært usikker på om det er så mange som har gått langs elva opp til enden av Smådalsvatnet.

Denne turen frå fjorden og oppover langs elva til Smådalen tok eg på laurdag (24.04.2021), og det blei ca. 250 bilete på turen (som har blitt redusert til 170). Nokre få av desse bileta sendar eg vedlagt. Dette var ein dag med ganske liten vassføring fordi det har vore svært lite nedbør i det siste, og vi har for tida ein kuldeperiode i fjellet som gjer at det er lite snøsmelting, men likevel er elva vel verdt ein tur. Dette er ikkje fyrste gang eg har gått langs elva, men fyrste gang der fotografering og synfaring var hovudmålet – gjennom oppveksten fiska eg mykje i elva ovanfor Tysse og mot Smådalen. Det er mange små fossar og kulper til å fiske i oppover – noko krevjande terreng er det enkelte stader, og to flotte og litt større fossar når man nærmar seg brua.

Naturvernforbundets karakteristikk av elva frå fjorden og opp til dei vakre fossane (som ligg rett nedanfor brua som knyter saman stien), liknar mykje på dei opplevingane eg fekk på turen.

Når det gjelder dei direkte konsekvensane denne utbygginga har på naturen viser eg også til naturvernforbundets uttale. Dei har kompetansen på dette området. Som kjent så medfører utbygginga anleggsvegar, røyrgate (som rett nok skal gravast ned, men likevel blir eit inngrep i naturen), inntak med ein demning på 3 – 4 m × 10 m etc. – og ikkje minst ein reduksjon av vassføringa på 94- og 97 % - altså nærast ei tørrlegging av elva.

Eg er oppvaks med denne elva og har, som nemnt, fiska opp gjennom heile elva mange gonger i barndommen. No er området eit av mine mange område som eg brukar til trening og rekreasjon. Sidan det i området vest for Smådalsvatnet allereie er ein skogsveg på ca. 5 km som, heldigvis, endar opp langt frå vatnet, så vil det med desse nye skogsvegane være skogsvegar både «her og der» i området. Den øvste skogsvegen som er planlagt mot inntaket ser ut til å følgje ein gamal sti som går frå utlaupet av vatnet og mot den etablerte skogsvegen / tidlegare sti på vestsida av Smådalen. I tillegg vil både denne øvste skogsvegen, biloppstillingsplass og inntak endre området frå vakker urørt natur til noko heilt anna.

Den nedste planlagde skogsvegen, ser ut til å kryssa- og til dels følgja ein eldgamal sti som går på ryggen vest for- og nærast parallelt med Smådalselva. Biloppstillingsplassen ser ut til å verta plassert i sti området. Det var denne stien mine forfedre for det meste nytta, og for hand utbetra dei stien i bratte skråningar. Eg nytta framleis denne stien ein god del. Dersom man kombinerer den mest brukte stien med denne stien eg nemner ovanfor, så vil man få ein flott rundtur – i stort sett urørt natur slik det er i dag.

Dei eldgamle / etablerte stiane vil altså bli sterkt påverka av skogsvegar. I tillegg kjem den nedgrava røyrigata til å kryssa begge stiane, og det ser også ut til at røyrigata i nedste halvdel til dels vil følgja langs den vestlegaste stien.

I tillegg til dei direkte øydeleggjande konsekvensane denne utbygginga vil ha på naturen i området, så vil utbygginga ha stor negativ innverknad på folk flest sine naturopplevsar.

Den nærast tørrlagte elva vil bli eit blikkfang frå den mest brukte stien der brua i dag går over elva (som kan bli bru over tørrlagd elv....) Dette blikkfanget vil følgje stien vidare oppover eit stykke, og ein vakker foss som går så tett attåt stien at man får lett duskregn på seg ved «elvafylla» vil være borte, og det fine og slakke elveleiet med bade- og fiskekulpar oppover mot vatnet vil stort sett være tørrlagt.

Dei flotte fossane som eg har avbilda ligg, som tidligare nemnt, rett nedanfor brua som går over elva. Ved stor vassføring i elva så vil desse fossane vera enda meir spektakulære enn det eg fekk avbilda denne laurdagen i april. Fossane er lett tilgjengelege ved å gå langs elva eit lite stykke frå brua og nedover. Der kan man altså oppleve flotte fossar i kombinasjon med utsyn til fjorden. Fossane ligg langt nedanfor inntaket, så desse vil også nærast bli tørrlagde.

Inntaket med demning ser ut til å ligge så langt opp mot Smådalsvatnet at det vil bli godt synleg frå eit «ynda» turområde. I tillegg går øvste vegen rett over stien ikkje langt frå vatnet, og det ser ut som det er teikna inn biloppstillingsplass i enden på vegen. Denne staden, som i dag er ei naturperle ligg lett tilgjengeleg og sentralt i Samnanger – samtidig er det nærast urørt natur både på veg oppover langs stien, og ved enden av vatnet. Slike område kan lett bli mangelvare både i Samnanger og resten av Noreg viss man ikkje set ein stoppar for det.

Smådalen ligg altså midt i «smørauga» som turområde for samningane, og er svært mykje nytta. Denne typen friluftsliv kan vi sikkert kalle for nærfriluftsliv som er ein enkel form for friluftsliv, og vil være lettare å motivere seg til enn dei lange turane. Dette er igjen veldig viktig for folkehelsa. Sjølv driv eg også med terreng- og fjell springing, og å få slike fantastiske naturopplevelsar samtidig med treninga er berre heilt topp! Denne turen opp mot Smådalen kan sjølv sagt også være starten på kortare- eller lengre vandringar i Samnangers utstrakte fjellheim – timevis eller dagavis.....

Ungdomsskulen i Samnanger ligg nærast i enden av den mest brukte stien til Smådalen, og eg har kjennskap til at dette området blir nytta av elevar og lærarar – spesielt i kroppsøvfaget. Dette nærast urørte naturområdet er altså nærområde til ungdomsskulen. Det vil være trist viss arven etter oss til desse ungdommane, og seinare generasjonar, stort sett skal handla om utbygd / nedbygd natur. Også denne urørte naturen som nærast ligg rett utanfor døra til ungdomsskulen risikerer no å bli fråteken denne generasjonen.

Naturopplevingar vil også vera viktig i satsinga på Tysse som ein stad for turisme. Denne type satsing på Tysse er no på dagsorden i kommunen. Då trur eg det tel meir med urørt natur, stiar, elv med fossefall etc. enn kraftverk, skogsvegar, demning, nedgraven røyrgate, nærast tørrlagd elv etc. På Tysse kai er det også ein plakat som viser til mogelegheiter for tur til Smådalen, og på same plakat er det eit bilete frå Smådalselva der ho fossar nedover – ved utbygging vil dette være historie....

Totalt sett så er vel Samnanger ganske kraftig belasta med kraftproduksjon (som også kjem fram i naturvernforbundet sin høyringsuttale). Er småkraftverk ein «snikrasering» av naturen? Eit «lite» inngrep her, og eit «lite» inngrep der.... Og er det i dette tilfellet verdt å ofra ei slik naturperle som dette er for å satse på ein liten kraftproduksjon som for ein stor del berre produserer kraft når det likevel er overproduksjon av kraft i Noreg.

For ikkje lenge sidan var det eit innslag i NRK nyheiter om kraftprodusentar som skrudde ned produksjonen på grunn av skatteregler som slo ugunstig an. Kor mykje potensiell kraftproduksjon er det som ikkje blir nytta av den grunn? Slike kraftverk er nok også lite interessert i oppgradering av maskiner etc., så her ligg det nok enda meir potensiell kraftproduksjon unytta i eksisterande anlegg....Vil det ikkje være rettast å starte i denne enden?

Her kjem ein liten påminning om kva som har blitt gjort andre stader i landet: På Hjerkin har Norgeshistoriens største naturrestaurering på gått, og blei avslutta i fjor høst; «Hjerkin skytefelt er tilbakeført til naturen»....

Avslutningsvis vil eg sitera litt frå ein kronikk på NRK.no (av Kristin Thorsrud Teien, Dag O. Hessen, Anne Sverdrup-thygesen, Vigdis Vandvik): «Den gamle forestillingen om at det er endeløst med natur å ta av der ute – den forestillingen er utdatert.

Vi trenger all naturen vi har. Både med hensyn til klimaet, naturen og oss selv. Derfor må vi satse på vinn-vinn-løsningene som er bra for både klima og natur.»

Det er også viktig for meg å få vise NVE at det absolutt er andre meiningar i Samnanger enn dei som kjem fram i høyringsuttalen til kommunen. Man kan berre håpe på at NVE kjem fram til eit anna resultat enn Samnanger kommune. Naturvernforbundet, folk på synfaring etc. har gjort ein god jobb i så måte, og i tillegg ser eg at Anne Liv Haukanes har uttalt seg, etter mi meining, ganske godt om saka.

Det vil også være på sin plass å nemne at fleirtalet i naturutvalet meiner at dei negative konsekvensane ved kraftutbygging i området Smådalen / Ytre Tysse veg tyngst. Det same standpunktet har Rådmannen, som skreiv følgjande i sitt framlegg: «Dei positive verknadane av utbygginga veg ikkje opp for dei negative verknadane for natur, landskap og friluftsliv» (sitat frå lokalavisa Samningen). Begge partar er altså mot å gje utbyggjar konsesjon.

Mvh

Lars Olav Knutsen
Nesjavegen 6
5650 Tysse

28.04.2021

Tlf.: 93049616